



Justisdepartementet
Politiavdelingen
Postboks 8005 Dep.
0030 OSLO

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref</i>
08/1018-2	8825/08	420	SEN/SEN/KME	

POLITIATTEST - OPPGÅVER KNYTT TIL MINDREÅRIGE - HØYRING

Det at krava om politiattest for personar som skal utføre oppgåver overfor barn og unge nå blir sett i samanheng og vurdert samla opplever vi som positivt. Det er også viktig og naudsynt for arbeidsgjevarar å ha eit lovverk som gjer at vi så langt som mogleg kan sjekke ut personar som skal arbeide med barn, sjølv om dette ikkje gir nokon garanti. Klepp kommune har ein visjon; "barna vår framtid" – og innafor dei områda vi har ansvar for ønskjer vi å sikre barn og unge på ein så god måte som mogleg.

I høyringsnotatet blir det reist spørsmål om det bør finne stad ei nærare avgrensa utviding av dagens system med politiattestar for personar som skal ha oppgåver knytt til mindreårige. Den eventuelle utvidinga inneber at ein i dei begrensa politiattestane i tillegg til seksuelle overgrep mot barn, også inkluderar enkelte andre alvorlege brottsverk. I tillegg blir det vurdert om også bruk av narkotika og besittelse til eige bruk, jf. legemiddellova §31 jf. §24 første ledd bør bli vist på politiattesten i to år etter at den straffbare handlinga fant stad. Som høyringsinstans blir vi særleg bedt om å kommentera dette spørsmålet.

Tilbakemelding på problemstillingane som forslaget tar for seg (pkt. 2, a – e):

- a) Etter vår vurdering er det viktig å ha eit lovverk som så langt som mogleg sikrar barn og unge mot personar som kan påføre skade, og derfor må hensynet til vern vege tung. Når det gjeld seksuelle overgrep må derfor hensyn til vern vege tyngre enn personvern og resosialiseringshensynet, og bli vist uten tidsavgrensing.
 - Den begrensa politiattesten bør også bli utvida til å omfatte seksuelle overgrep mot vaksne, alvorlege forhold som gjeld vold og maktmisbruk samt narkotikabrottsverk. Forhold som gjeld vold og maktmisbruk og narkotikabrottsverk bør bli vist i samsvar med dei avgrensingar som følgjer av strafferegistreringslova §6.
- b) Ved heildøgns omsorgsansvar for mindreårige i sin private heim bør det vera krav om uttømmende politiattest.
- c) Personar med anmerkingar knytt til seksuelle overgrep skal ikkje få adgang til å ha oppgåver overfor mindreårige.
- d) Konsekvensar av om merknadar om andre forhold enn seksuelle overgrep skal vere eit forbod mot å ha oppgåver overfor mindreårige, bør avgjerast på kvart enkelt område. Dette fordi arbeidsgjevar/oppdragsgjevar vil sitje på ulik kompetanse til å kunne vurdere dette og handtera konsekvensane av dette, for at dette ikkje skal bli misbrukt, samtidig som det vil sikre personvernet til den enkelte person.

- e) Kravet til innhald i politiattestar for personar som skal ha oppgåver knytt til mindreårige bør vere samordna og verte regulert felles i lovgiving som regulerer utskriving av politiattest.

Vi ønskjer å kome med eit innspel når det gjeld økonomisk kriminalitet. For personar som skal handtera økonomi/pengar på vegne av brukarar av våre tenester kunne det i nokre tilfelle vore naudsynt å bedt om ein begrensa politiattest. Dette gjeld særleg i situasjoner kor den enkelte brukar ikkje sjølv har høve til å handtera/ha fullstending oversikt på dette området.

Klepp kommune, 05.05.2008

Ivar Undheim
Rådmann

Jan Arvid Børnes
Personal- og organisasjonssjef